



**SØR-FRON
KOMMUNE**
"Dalernes blomme"



Nord-Fron kommune
- Midt i Peer Gynts rike -



**SEL
KOMMUNE**



**RINGEBU
kommune**

Søknad frå kommunane Sel, Nord-Fron, Sør-Fron og Ringebu - skadefelling av jerv i lisensfellerperioden 2021/2022

Gjeldande rovviltpolitikk har ei todelt målsetting. Det skal sikrast berekraftige rovviltbestandar, og ein framleis aktiv og allsidig bruk av utmarksressursane og levande lokalsamfunn. Region 3 Oppland har eit særleg ansvar for å syte for at beitenæringa får levelege vilkår jf. todelt målsetting og eit stort tal dyr på utmarksbeite.

Bestandsmålet for jerv i Region 3 Oppland er fire ynglingar per år. Bestanden av jerv har dei seinare åra likevel vore betydeleg høgare enn bestandsmålet, og ein har ynglingar av jerv både innanfor og utanfor jervsona. Årlege dokumenterte ynglingar av jerv er eit uttrykk for minimum bestand. 1 yngling = 6,4 individ.

Når det gjeld Region 3 Oppland er det gjennomsnittleg dokumentert 7,7 ynglingar per år i perioden 2019-2021 jf. Rovdata. Bestanden av jerv i nemnte periode har i gjennomsnitt vore 50 dyr, medan bestandsmålet på fire ynglingar gir 26 dyr. Kommunane meiner det er heilt nødvendig at ein raskt får redusert bestanden ned mot bestandsmålet for å unngå store tap av beitedyr sommaren 2022.

Tal frå søknadar om erstatning for sau tapt til freda rovvilt i 2021 - jerv:

Kommune	Omsøkt søyer/lam	Erstatta
Sel	136	93
Nord-Fron	242	85
Sør-Fron	86	43
Ringebu	416	341
Sum	880	562

Kjelde: Statsforvalteren i Innlandet

Tal for sleppt sau/lam og tapt sau/lam på østsida i søkjarkommunane:

Kommune	Beitelag	Sleppt sau/lam	Tapt sau/lam
Sel	Sel østside	3447	255
Nord-Fron	Nord-Fron østside	5441	173
Sør-Fron	Sør-Fron østside	4725	187
Ringebu	Ringebu østside	15671	820
Sum		29284	1435

Kjelde: Organisert beitebruk

Lisensfelling er myndighetene sin hovudstrategi for uttak av jerv, men lisensfellinga er per dags dato ikkje effektiv nok til at ein over tid regulerer bestanden av jerv i tilstrekkeleg grad. I våre område skuldast dette i hovudsak at jerven oppheld seg langt inne i fjellet, og kor det er liten sjanse for jegerane til å organisere/utøve effektiv jakt. Ein har vidare sett at jerven som regel ikkje kjem lenger fram mot dei områda kor ein både har jervbåsar og åtebuer, før etter at lisensfellingsperioden er slutt.

I lisensfellingsperioden 2021/2022 har ein likevel lukkast godt med uttak av jerv i våre område. Det er per dags dato gjort uttak av 4 dyr i Ringebu, Sør-Fron og Nord-Fron. Dette skuldast at ein har hatt tilgang på dyktige hundar, samt at usedvanleg lite snø har gjort sporing og jaktutøving med hund mogleg over større område.

Ein er vidare kjent med at Miljødirektoratet har gitt SNO oppdrag med ekstraordinært uttak av 1 jerv innan jervsona i kommunane Nord-Fron, Sør-Fron og Stor-Elvdal, vedtak gjeldande tom. 15.2.2021. Tilsvarande har Miljødirektoratet gitt SNO oppdrag med ekstraordinært uttak av 2 jervar innan jervsona i Lom, Skjåk og Lesja, vedtak gjeldande tom. 15.2.2021.

Skadefelling på barmark lukkast sjeldan, sjølv om det sommaren 2021 vart felt to kvalpar i Vuludalsområdet i Sør-Fron. Dette skuldast på same vis som ved lisensfelling at jerven i all hovudsak oppheld seg i område langt inne i fjellet, kor det tek fleire timar å ta seg fram til fots, og slik sett er liten sjanse for jegerane til å organisere/utøve effektiv jakt.

Eit anna moment er at skadefelling av jerv på barmark er kostnadskrevjande. Som eit døme kan ein nemne at skadefelling/skadefellingsforsøk av jerv sommaren 2021 i våre område hadde ein samla kostnad på om lag kr 420.000.

Samla sett ser ein at summen av lisensfelling, skadefelling på barmark og ekstraordinære uttak/hiuttak over tid ikkje er tilstrekkeleg til å forvalte bestanden av jerv i tråd med vedteke bestandsmål for Region 3 Oppland, og denne situasjonen har ein hatt over ei lengre tidsperiode. Beitenæringsutøvarane må bere både menneskelege og økonomiske belastningar, og situasjonen er trugande både for dei utøvarane som driv i dag og for framtidig rekruttering til næringa.

Lisenskvota for jerv i Oppland for 2021/2022 er 15 dyr, og det er per 27/1-2022 teke ut 9 dyr. Med bakgrunn i at bestanden av jerv over lengre tid har ligge langt over bestandsmålet, meiner kommunane at det no er svært viktig at heile lisenskvota på 15 dyr blir teke ut. Ein meiner at skadefelling i eit avgrensa omfang ikkje vil skape konflikt i forhold til dei jegerane som vil drive med lisensjakt.

Sel, Nord-Fron, Sør-Fron og Ringebu kommunar søker med dette om skadefelling av inntil to jervar. Søknaden omfattar:

- **Austsida i alle fire kommunane.**
- **Skadefellingsperioden skal vere avgrensa fom. 4.2.2021 tom. 15.2.2021.**
- **Bruk av to snøskuterar til utkjøring av mannskap og grovlokalisering av spor (innringing for utsjekk av inn- og utspor). Bruk av to snøskuterar er nødvendig i forhold til sikkerheit (ulykker, fastkjøring mv.).**

- **Bruk av snøskuter må og gjelde innafor vernegrensene, jf. koordinering med nasjonalparkforvaltarane.**

Kommunane er klar over at bruk av snøskuter til skadefelling i utmark og på snødekt mark også krev eige løyve frå kommunane etter motorferdsellova.

27.1.2022

Med helsing

Torje Bjørke /sign.
Sel kommune

Geir Johan Groven /sign.
Nord-Fron kommune

Konrad S. Bryhn /sign.
Sør-Fron og Ringebu kommunar

Kopi:
Roviltnemnda i region 3 Oppland v/ leiar Aud Hove.